

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# Austrheim Pensjonistlag

vil prøve å kome i gang med vanlege  
medlemsmøte etter koronastoppen.

Neste møte vert onsdag  
**9. MARS PÅ SENIORSENTERET, TIDSPUNKT KL. 16.**

Laget hadde årsmøte 9. februar og valde nytt styre.  
Laget tek gjerne i mot nye medlemmar,  
det trengs nye og friske krefter.

Det er bruk for aktive pensjonistar i kommunen.

Med helsing Styret



Kyrkjebakken nr 02 – 2022 – februarnummeret – 51 årgang – nytt stoff innan 17.mars



**KYRKJE BAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



Treng du skyss for å kome  
deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjecontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslaup 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

# Gudstenester

## I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på heimeside,  
facebook og plakat for  
eventuelle endringar.

Det skjer:

Søndag 13.mars kl. 11.00  
Gudsteneste ved Rune Minde.  
Søndagsskule

Søndag 27.mars kl. 11.00  
Gudsteneste ved Rune Minde.  
Søndagsskule

## ÅRÅS BEDEHUS

**Søndagsmøte 06. mars kl 11:00,**  
**Christian Skoge talar.**

**Søndagsmøte 20. mars kl 11:00,**  
**Odd Sverre Hove talar.**

**Søndagsmøte 03. april kl 11:00,**  
**Ole Corneliusen talar.**

**Søndagsmøte 18. april kl 11:00,**  
**Asle Hetlebakke talar.**

Velkommen til samlingane!  
[www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

**Kontortider:**  
Sokneprest:Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**  
Sokneprest Rune Minde 906 95 377  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og  
kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjeterar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar  
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Ingen veg utanom



"Vik bak meg, Satan...."  
Det kan høyra ut som eit bannord, men  
det er faktisk Jesus som seier dette. Og til og  
med til ein av sine nærmaste! Peter prøver å få  
Jesus til å slutta å snakka om at det går mot  
liding og død for Jesus, og får så dette  
kontante svaret (Matt.16,21-23). Så annleis  
enn den Jesus som møter kvenna som vart  
gripen i hor: "heller ikkje eg fordømer deg...",  
eller den som seier til den utstøtte  
småkjeltringen Sakkeus: "i dag vil eg ta inn i  
ditt hus", og mange fleire slike episodar,  
der me møter "Milde Jesus...." slik me syng i  
den kjende dåps-salmen.

Er det slik at me møter ulike Jesus-bilete, og  
må vurdera kva tid me møter den mest ekte  
Jesus?

Vi skal vakta oss for å gjera Jesus berre  
"ufarleg" og "snill". Det er å syna eit halvt og  
dermed feil Jesus-bilete.

For det å nærma seg Jesus, slik Peter gjorde,  
er risikabelt. Det er å nærma seg noko  
heilagt. Og i møte med det Heilage, vil og det  
som er mot Guds vilje verta avslørt og  
ramma av hans vreide. Samstundes er det  
denne vegen Guds Ord teiknar opp for oss:  
å venda oss om mot Gud, den Heilage og

fullkomne med vårtærlege, ufullkome liv.  
Så vert det og viktig å spørja etter kva som  
fører til Jesu kontante reaksjon. Det er  
nemleg at Jesus her møter ei stor, reell  
freistaing: freistainga til å gå utanom den tunge  
vegen han visste han måtte gå dersom han  
skulle oppfylla det som var målet for livet  
hans: å frivillig ta på seg liding, død og straff  
for noko han sjølv ikkje var skuld i.

Men nett her syner Jesus sin storhet og  
grenselause kjærleik til oss, midt i det harde  
svaret: han avslører freistainga og avviser  
henne. Det går ingen veg utanom. Faste er  
ei tid for ransaking og avsløring av lettvinde  
løysingar.

Så er og det store evangelium i forlenginga  
av denne teksten: Visst er det sant at det er  
avslørande å nærma seg Gud, den Heilage.  
Samstundes er det nett det me vert  
oppmoda til:

"Lat oss difor med frimod gå fram for nådens  
kongsstol, så vi kan få miskunn og finna nåde  
til hjelp i rette tid". (Hebr. 5,16)  
For Jesus Kristus er ein "lynvedlar" for kvar  
den som søker tilflukt hjå han, som gjer at  
Guds vreide ikkje rammar ein sjølv, men treff  
han som valde å ikkje "gå utanom".

Rune Minde

# Min salme

Ellinor Brandtun




Dei fleste av oss har minne som vi hugsar spesielt godt og som betyr mykje for oss. Det kan vera både opplevingar frå barndommen og situasjonar seinare i livet.

Eg vaks opp på Kleive, ei bygd utanfor Molde, og eg har mange gode minne derifrå. Vi var to søskener. Mor var av dei som nynna og song heile dagen heime, og ho spelte gitar i musikklaget på bedehuset. Der fekk eg og vera med av og til. Dermed fekk eg høyra mange kristne songar og salmar i oppveksten. Navnet Jesus, Leid milde ljos, Han tek ikkje glansen av livet og Deilig er jorden var nokre av dei som vart ofte brukte.

Far min var var med og dreiv yngreslaget i bygda. Elles var vi så og seja alltid i kyrkja når det var gudsteneste om søndagen. Søndagsskulen høyrdde og med til aktivitetane våre. Eg lærde og vart glad i mange av dei songane eg høyrdde mykje i barndommen. Likevel er det ein enkel barnesong knytt til eit sterkt minne i vaksen alder som eg vil kalla min salme.

Bror min, Harald, var yngre enn meg. For førti år sidan reiste han til USA i tilknytning til jobben han hadde her heime i Noreg. Han og familien busette seg i Houston, og der vart dei verande. Eg har vore på fleire Amerika-besøk hos dei. Bror min var engasjert i Sjømannskyrkja, og han var med og bygde opp den norske sjømannskyrkja i Houston.



For nokre år sidan vart Harald alvorleg kreftsjuk. I januar 2019 reiste eg til Houston og fekk vera saman med han i dei to siste vekene han levde. Han vart gravlagt frå sjømannskyrkja. Når eg sat hos han, bad han meg ofte om å syngja for han. Det var norske songar frå barndomen han gjerne ville høyra. Ein song han ofte ønskte eg skulle syngja, var denne søndagsskulesongen han hadde lært som barn:

**Jesus elsker alle barna  
Alle barna på vår jord  
Rød og gul og hvit og svart  
Er det samme har han sagt  
Jesus elsker alle barna på vår jord!**

Denne enkle barnesongen er enkel å forstå både for store og små. Men eg trur og den seier noko om kor verdifulle vi alle er. Kvar einskild av oss har ein kjærleg far i himmelen uansett kven vi er, korleis vi er, eller kvar vi bur. Ikkje minst er dette stadig meir aktuelt i vår tid der vi møter fleire og ulike kulturar i det daglege. Dette kan vera godt å halda fast i både i medgang og motgang gjennom livet. Kanskje dette var noko som gjorde at denne søndagsskulesongen betydde så mykje for bror min. Det har og vorte min salme

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

### FONNES FILIAL

Filialen vil vera open for publikum torsdagar

**14 - 16.30.**

Fonnes filial sine opningstider følgjer elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

**Følg oss gjerne  
på facebook**

**God bok**



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt 116117

### AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG.

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen  
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23



## 50 (og 51) års konfirmantane

Dette skulle ha vore i Kyrkjebakken tidlegare, men betre litt seint enn ikkje i det heile. Koronaepidemien førte til at vi måtte avlysa arrangementet i 2020. Det opna seg opp på hausten i fjor, slik at det var mogeleg å ha både gudsteneste og samling i Kilstraumen etter gudstenesta. Som eit plaster på såret for 1950 kullet, vart dei inviterte saman med 1951 kullet. Sidan arrangementet måtte planleggjast i god tid, tok vi ikkje sjansen på at alle dei jubilerande konfirmantane deltok på den ordinære gudstenesta kl 11.00. Dette hadde samanheng med smittevernrestriksjonar og begrensningar i kor mange som hadde lov til å samlast.

Dei var difor så privilegerte at dei fekk delta på ei eiga gudsteneste kl 13.00. Det er også verdt å nemna at soknepresten vår Rune Minde, hadde dobbelt grunn til å gleda seg over denne dagen, sidan han sjølv tilhører 1951 kullet og såleis var 50 års konfirmant no i haust.

**50 og 51 års konfirmantar på eitt brett.  
Austrheimkyrkja søndag 24.oktober  
2021.1950 kullet – konfirmerte i  
Austrheimkyrkja 31.mai 1970:**

(jentenamna i parantes for dei som ikkje brukar dei til vanleg):

Alise (Hopland) Leirvåg  
Ally Karin Vårbakken  
Arild Daae  
Dag Atle Utkilen  
Erna Sigrun (Strømsnes) Grøttveit  
Harriet Kitty Sætre  
Kirsten Elisabeth Njøten  
Kjell Hope  
Liv Marit Sørensen Myhr  
Marit Bente Dyrnes Husby  
Oddny Hauge Kleppe  
Ole Kvamme  
Paul Oddvar Vik  
Terje Austrheim

**1951 kullet – konfirmerte i  
Austrheimkyrkja 23.mai 1971:**

(jentenamna i parantes for dei som ikkje brukar dei til vanleg):

Arvid Henning Kaland  
Arlid Sigmund Austrheim  
Aud Oline Hopland Skoge  
Audun Birger Fonnes  
Bjarne Edgar Kaland  
Bjarne Ingve Neteland  
Bjørg Jorunn Skålevik Ulvøen  
Frode Malm  
Gerd May Fonnes Buljo  
Geir Johnny Hedstrøm  
Hardy Pedersen Harald  
Karsten Øksnes  
Hugo Atle Stellberg  
Inge Arvid Fonnes  
Irene Astrid (Hopland) Fonnes  
Jenfrid Helen (Lervåg) Stellberg

Johnny Werner Kristoffersen  
Jostein Atle Unneland  
Laila Fonnes  
Laila Lervåg  
Magnus Eikemo  
Mona Landa Austrheim  
Norunn Sofie Krossøy Berge  
Odd Egon Rørtveit  
Oddleiv Sognnes  
Per Helge Austrheim  
Ranveig Jorunn Stueland Herland  
Reidar Øksnes  
Rune Minde  
Steinar Ingolf Skoge  
Svein Birger Rørtveit  
Sveinung Norvald Lerøy  
Torbjørg Øksnes Tuseth  
Tor Helge Sunfjord  
Unni Torhild Tresvik Hodnekvam  
Øystein Austrheim

**ÅRSMØTE**  
Austrheim IL har årsmøte  
torsdag 10. mars kl. 19.00 på  
Austrheim Samfunnshus.  
  
Vanlege årsmøtesaker.  
Framlegg til saker til årsmøtet  
må sendast styret innan  
24. februar på e-post  
austrheimil@gmail.com  
  
Alle medlemmar er  
velkommen.

**BASÅR**  
Årás sanitetsforeining  
arrangerer basar i  
Austrheim  
samfunnshus 27.mars  
kl. 16.00  
  
Kurt Hatten  
underheldt

**Mastrevik torg**  
Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gäve/Glas - Gardiner/Utsyrsvarer - Bokhandel/Leikar Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Tiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service  
kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens  
spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når  
du får utført service hos oss.

Spar oss gjerne om mer informasjon.



**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50



## Austrheim sokn

### Døypte

30.januar:  
Theodor Sanden Engeland

13.februar:  
Oda Austrheim Dahle

### Gravlagde

01.02.22: Ingebjørg Dyrnes f.1919

04.02.22: Bjørg Orlaug Myklebusthaug f.1936

18.02.22: Torleif Sævrøy f.1958

22.02.22: Ada Bjørg Fonnes f.1934

### Hjarteleg takk

til diakoninemnda for helsinga i  
anledning min 86 års dag.

*Helsing Idar Kaland*

### Hjarteleg takk

til diakoninemnda for gåva eg fekk  
til 81 årsdagen min og til Svanhild  
Neteland som kom på besøk

*Beste helsing Ingve Lervåg*

### Ei varmt takk

for deltaking, gode ord og fine  
blomar ved vår kjære mor  
Ingebjørg Dyrnes sin  
bortgang. Takk til presten  
Rune Minde for verdig seremoni i  
kyrkja og takk for gaver til  
Nordliheimen.

*Helsing Gerd Ingunn,  
Magnus, Marit og Haldis m/familie*

### Hjarteleg takk

for gåva eg fekk av diakoninemnda  
på dagen min. Beste helsing

*Edny Wiken Pedersen*

### Hjarteleg takk

for all omtanke, gode ord, blomar  
og helsingar ved vår kjære Bjørg  
Myklebusthaug sin bortgang.  
Ein ekstra takk til Nordliheimen for  
god pleie og omsorg.

*Helsing Mikkal, Tore og Roald*



Vil du gi et barn **trygghet?**

## 60 born ventar – dei treng ein familie no!

Mange born treng fosterheim. I desse dagar er det rundt 60 born i Rogaland og Vestland som ventar på ein heim. No går Bjørgvin bispedøme, Fosterheimstenesta i Bufetat og den diakonale, ideelle stiftinga CRUX saman om å informere i ulike kyrkjelydar om det store behovet det er for fleire fosterheimar. Dette ynskjer Bufetat i region vest velkommen.

– Heldigvis er det mange gode fosterheimar i vår region, men vi treng framleis mange fleir. Eg veit at det er mange gode og omsorgsfulle familiar i kyrkjelydane i fylket, seier Mallin Østerhus, einingsleiar i Fosterheimstenesta i Bufetat region vest.

Ho seier vidare at Bufetat har eit godt samarbeid med nokre private aktørar, mellom anna CRUX, som jobbar med rekruttering og oppfølging av forsterka fosterheimar.

### Verdas viktigaste jobb

– Å vera fosterheim er å vera der og stille opp for born som treng det mest. Det er vel ein av dei viktigaste jobbane vi kan ha her i verda? For eit barn som har hatt det vanskeleg, kan det å få oppleva heilt vanlege ting gjera ein stor skilnad. Ein omtenksam og varm familie kan gje rammer og tryggleik, slik at barn kan vera barn. I CRUX jobbar vi med forsterka fosterheimar for dei mest sårbare borna, der ein voksen får godtgjering tilsvarende 100% jobb. Familiene våre får tett oppfølging og rettleiring, og er i ein fellesskap med andre fosterheimar som gjev støtte og tryggleik, seier fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås i CRUX hjem - Bergen.

– Vi treng ulike heimar, fordi borna har ulike behov, seier Hege. Det finnест også andre typar

fosterheimar, mellom anna kommunale fosterheimar som får oppfølging av den kommunale barnevernenesta. Det er difor viktig at familiar som er nysgjerrige, og som vil høre meir om fosterheimar og kva dette innebér, tar kontakt. Så kan vi saman finne ut om dette er noko for din familie.

Kyrkja ein dør opnar i rekrutteringsarbeidet I ein ambassadøravtale med Barne- og familieliderekoratet (Bufdir) har kyrkja forplikta seg til å vera med på ein felles dugnad for å rekruttere fosterheimar. No vil diakonane i Bjørgvin bispedøme samarbeide med Fosterheimstenesta og CRUX om dette, i håp om å kome i kontakt med familiar som vil høre meir om dei sårbare borna og kva det vil seie å vere fosterheim.

– Vi er glade for at dette samarbeidet er tatt så godt imot. Diakonane er positive og vil informere ut om det store behovet for fosterheimar på sosiale medium og kyrkjelyden si nettside. I tillegg vil dei legge til rette for at CRUX og Fosterheimstenesta i Bufetat kan besøke kyrkjelydane og fortelje kva det innebér å vera fosterheim for born som treng ein ny familie. Dette ser vi frem til, seier Gjeitrem Kulsås.

### Nysgjerrig - ta kontakt

Vil du vite meir, har spørsmål eller berre er litt nysgjerrig på kva det vil seie å vere fosterheim i CRUX, kan du ta heilt uforpliktande kontakt med oss. Du kan også lese meir om vårt arbeid på våre nettsider [stiftelsencrux.no](http://stiftelsencrux.no). Følg gjerne «CRUX hjem» på sosiale medium, både på Instagram og Facebook, avsluttar Hege med eit smil.



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

### Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)





## Seniordans i Austrheim starter opp etter snart 2 års pause.

Nå er det en fin anledning for nye å komme med. Seniordans passer for alle, det gjør deg glad og er kjempegod trim. En trenger heller ikke å være par. Vi møtes hver torsdag fra kl. 18.30 til 20.30 og har en god kaffepause halvveis.

Lurer du på om dette er noe for deg – kom og se.

Ta gjerne en prat med Sigrunn  
på telefon 95796908

## KRONERULLING TIL AUSTRHEIM SAFUNNSHUS SA

### SPLEIS



**Har du lyst å delta i AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS SA si kronerulling?**

Dugnad er hovudkonseptet for drift og vedlikehald av storstova vi på folkemunne likar å kalle AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS.

Utleige, forskjellige aktivitetar og pengestøtte er grunnmuren i arbeidet, men vi må utover dette, alltid vera kreativ i å få klingande mynt i kassa. Difor prøver vi nå konseptet < SPLEIS > som er ei innsamling på nettet. Da vi ikkje når alle i bygda med dette vil vi satse på å nå ut til alle i kommunen gjennom Kyrkjebakken.

Konto nr 3632.55.31368  
Merk innbetaling med SPLEIS

Vi utfører eit omfattande renoveringsarbeid på kafedelen ved huset der det vert skifta vindauge. isoleringsarbeid, nytt ventilasjonsanlegg, alt elektrisk utstyr, ny kledning utvendig og alt nytt innvendig. Dette for å få et moderne møte og utleigelokale som alle i bygda kan leige.

**Med vennleg helsing**  
**Styret i Austrheim Samfunnshus**

## DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00 / 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko



Oppussing av  
gravmonumenter  
Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887




## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no



## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oenstein.no](http://www.oenstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Utgilding av gråsteinsmuren, Kolera-kyrkjegarden. Foto: Haakon Aase

## REHABILITERING AV GRÅSTEINSMUREN RUNDT KOLERAKYRKJEGARDEN

På gråsteinsmuren rundt kolerakyrkjegarden har ein eit par år kunna observera ein lett synleg skade (sjå biletet). Gravplassen ligg ved rundkøyringa på Austrheim, der ein tek av til Fedje.

Frå soknet si side har vi no fått i hende ein analyse av denne skaden og øvrige skadar på muren. Skadane er ganske omfattande på fleire punkt langs med muren. Alle skadane er ikkje like synlege på avstand.

Vi kjem i nærmeste framtid til å ta ei vurdering på kor mykje rehabilitering vi skal gå i gang med i denne omgang.

I økonomiplanen er det lagt inn investeringsmidlar for dette arbeidet. Det er likevel begrensa kor mykje vi kan leggja i potten, slik at vi må foreta ei ganske streng vurdering på kor mange delar av

muren som skal rehabiliterast.

Vi vil også undersøkja om vi kan leggja til rette for å samarbeida med andre, både lokale interessegrupper og enkeltpersonar.

Om vi får til eit samarbeid kan vi få gjort meir. Vi ønskjer tilknyrt gråstein som kan eigna seg til muren. Då muren i si tid vart sett opp, var det utelukkande stein frå nærområdet som vart brukt. Dette vil vi halda fram med. Erfaring viser at det er naudsynt å supplera med gråstein til eit slikt rehabiliteringsarbeid.

### Kan du bidra?

Ta kontakt med kyrkjeverja på tlf 400 65 231 eller på epost: [lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)

Leif Arne Økland -  
kyrkjeverje

## VELKOMMEN TIL MØTER I LERVÅG BEDEHUS

Søndag 27. februar klokka 11.00 - talar Alfred Myreng

Laurdag 5. mars klokka 18.00 - kjem Evangeliesenteret med Asbjørn Skjortnes  
Søndag 20. mars klokka 11.00 - talar Trygve Korneliussen.

UNGDOMSKVELDAR FRÅ 7. KLASSE OG  
OPPOVER KLOKKA 1930-2230:



Illustrasjonsfoto



Bufetat

Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?

No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på [fosterheim.no](http://fosterheim.no)